
Saksnr: 2022/51-1
Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		13.01.2022

Bestilling til styret for Regionalt forskingsfond Vestland 2022 - 2023

Forslag til vedtak

1. Styret for Regionalt forskingsfond Vestland skal arbeide etter dei føringane som kjem fram av bestillinga frå Vestland fylkeskommune.
2. Styret for Regionalt forskingsfond skal sørge for at det blir utarbeidd ein overordna handlingsplan (minimum to års varigheit) som blir rullert årleg. Handlingsplanen skal prioritere bruken av midlane med omsyn til tematikk, målgrupper og søknadstypar i utlysingane av midlar, samt annan aktivitet. Styret skal vurdere den regionale relevansen i samband med prioritering av søknader og mobiliseringsaktivitetar.
3. Regionalt forskingsfond Vestland skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor ramma av dei forskningstema og problemstillingar som er nedfelt i Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 – 2027. Styret skal kunne gjere eit prioritert utval av tema og problemstillingar frå temaplanen i utarbeiding av årlege handlingsplanar og utlysingar. Utvalet av tema og problemstillingar skal også ta omsyn til prioriteringar i Vestland fylkeskommune og den regionale partnerskapen sin bruk av øvrige verkemidlar for å realisere måla i Handlingsprogrammet 2022 – 2025, Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.
4. Regionalt forskingsfond Vestland skal som hovudsak lyse ut midlar med bedrifter og kommunar som målgruppe, men kan også, jfr. pkt. c i forskrifta om RFF, opne opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar kan stå som prosjektansvarleg søkjar.
5. Styret for Regional t forskingsfond Vestland skal i perioden 2022 – 2023 også vere styringsgruppe for FORREGION Vestland med ansvar for forvaltning av midlar og mobilisering til meir forskning i bedrifter. Aktivitetane skal vere særskild retta inn mot forskning som bidrar til lønsame arbeidsplassar, grønt skifte, berekraftige produksjonsprosessar og ny klimavenleg eksportretta industriutvikling.
 - A) Berekraftig og eksportretta industriutvikling samt havøkonomi
 - B) Sirkulær økonomi – berekraftig ressursforvaltning
 - C) Bioøkonomi «blå» og «grøn» - produksjon av mat og berekraftig bruk av biologiske ressursar
 - D) Grøn» gjenoppbygging av reiselivet etter pandemien

6. Styret for Regionalt forskingsfond Vestland skal ha eit særleg ansvar for å koordinere forholdet mellom søkbare midlar i RFF Vestland og i FORREGION Vestland og tilhøyrande mobiliseringsaktivitetar.
7. Styret for Regionalt forskingsfond Vestland er ansvarleg for at forvaltinga av Regionalt forskingsfond Vestland og FORREGION Vestland er i tråd med Forskrift om de regionale forskningsfondene og Forskrift for FORREGION.

Samandrag

Regionale forskingsfond er ei tilskotsordning som vert finansiert av Kunnskapsdepartementet. Kvar fylkeskommune har sitt eige forskingsfond. Fylkestinget og fylkesutvalet har nemnt opp eit styre for RFF Vestland med både politiske og eksterne representantar. Saksframlegget er utforma som ei politisk bestilling til RFF Vestlandet og skal leggjast til grunn for fondsstyret sitt arbeide i 2022 – 2023. Eit ansvar for FORREGION Vestland er inkludert i bestillinga. Nyleg vedteken Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 – 2027 legg sentrale føringar for innhaldet i saksframlegget.

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Kathrin Jakobsen
seksjonssjef
Innovasjon og næringsutvikling (INN)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Om Regionale forskingsfond

Ordninga med Regionale forskingsfond (RFF) er vedteken av Stortinget. Frå 2010 til 2020 hadde fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane eit felles RFF Vestlandet. Dei første fem åra vart RFF finansiert gjennom renter frå ei fondsavsetting på 6 milliardar kroner avsett i Statsbudsjettet for 2009. Frå 2015 har ordninga vore finansiert gjennom ein ordinær post på Statsbudsjettet. Tilskotet har variert noko, med ein topp i samband med oljeprisfallet i 2014-2015 og vesentleg reduksjon i Statsbudsjettet for 2022.

Stortinget vedtok frå 2020 at kvar fylkeskommune kan ha sitt eige regionale forskingsfond. Vestland fylkeskommune har ansvar for RFF Vestland.

Eiga forskrift

Kunnskapsdepartementet fastsette frå 2020 ei forskrift om Regionale forskingsfond.

I forskrifta står det at: «*Tilskuddsordninga skal styrke regionenes forskningsevne gjennom tilskudd til forskning og innovasjon og gjennom mobilisering til økt FoU-innsats.*» Vidare heiter det at:

«Regionale forskingsfond har som formål å:

- a) styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling gjennom å
 - i. finansiere forskningsprosjekt av god kvalitet
 - ii. medvirke til at bedrifter og offentlige virksomheter øker sin kompetanse, innovasjonsevne, verdiskaping og konkurransekraft ved å initiere forskning og ta i bruk resultater fra FoU
 - iii. stimulere til et tettere samarbeid mellom FoU-institusjoner og styrke koplingene til næringsliv og offentlig sektor
- b) øke FoU-innsatsen gjennom å
 - i. mobilisere og kvalifisere bedrifter og offentlige virksomheter til å delta i nasjonal og internasjonal forskning.
 - ii. støtte FoU-prosjekt initiert av næringsliv, frivillig sektor og offentlige virksomheter inkludert universiteter, høyskoler og andre forskningsmiljøer
- c) bidra til økt forskningskvalitet og til utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljøer gjennom å
 - i. støtte langsiktig, grunnleggende kompetansebygging i relevante forskningsmiljøer
 - ii. knytte institusjonenes FoU-kompetanse til øvrige regionale FoU-aktiviteter og se disse i sammenheng
 - iii. stimulere til fler- og tverrfaglig samarbeid i forskningsprosjekt
- d) arbeide for tett samspill mellom aktiviteter i regionene og deres relasjoner til andre nasjonale og internasjonale forskningsprogrammer og forskningsaktiviteter.»

Forskrifta legg også ein del praktiske føringar for arbeidet med fondet. Heile forskrifta kan lesast her; <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-18-2110>

Om RFF Vestland

RFF Vestland vart etablert frå 2020 som ei vidareføring av RFF Vestlandet. RFF Vestland tok over ansvaret for 48 aktive prosjekt frå RFF Vestlandet, der prosjektansvarleg har adresse i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane. Rogaland fylkeskommune på si side tok tilsvarende over ansvaret for 25 prosjekt med adresse i sitt fylke. Kvart prosjekt har ein kontrakt med fylkeskommunen om krav til leveranse, støttebeløp, rutinar for rapportering og utbetaling med meir som er følgt opp av fondssekretariatet.

Styret for RFF Vestland er nemnt opp av fylkestinget (politiske) og fylkesutvalet (eksterne). Det er sett saman slik:

Styremedlemer	Varamedlemer
Jon Askeland, fylkesordførar (styreleiar)	Natalia Golis, fylkesvaraordførar
Tor Andre Ljosland, fylkestinget (nestleiar)	Terje Sletten Hansen, fylkestinget
Jana Midelfart Hoff, fylkestinget	Rasmus Laupsa Rasmussen, fylkestinget
Anne Lise Fimreite, Universitetet i Bergen	Frode Kyrkjebø, KS
Ole Gunnar Søgner, Høgskulen på Vestlandet	Erik Kyrkjebø, Høgskulen på Vestlandet
Kristin Kopperud Timberlid, Innovasjon Noreg	Inger Margrete Graves, Xylem AS
Stein Harald Hjeltnes, Njøs næringsutvikling	Kjartan Sandnes, Biomega Group AS

Vestland fylkeskommune har ansvaret for sekretariatet til fondet, som er lagt til Avdeling for innovasjon og næringsutvikling.

RFF Vestland har til saman i dei to åra 2020 og 2021 fått overført kr 40 157 000 frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg kjem det noko renteinntekt. Inntil 10 % av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet kan nyttast til styre og administrasjon av fondet.

Frå Statsbudsjettet for 2022 får RFF Vestland ei løyving på kr. 15 399 000.

For kvart år vert det fremja [aktivitetsrapport](#) til fylkestinget.

Bestilling til styret for 2020 – 2021

Hovudutval for næring behandla i sak PS 10/2020 den første bestillinga til styret for RFF Vestland, og gjorde slikt vedtak:

Vedtak

1. Styret for Regionalt forskingsfond Vestland skal arbeide etter dei føringar som kjem fram i saksframlegget.
2. RFF Vestland skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestlandet mobilisere til og finansiere forskning innan desse tema:
 - Ny teknologi og prosessar som medverkar til klimaomstilling og til eit grønt skifte
 - Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi
 - Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
 - Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke.
 - Reiseliv som styrkar lokalsamfunna og gir lågt klimaavtrykk.
3. RFF Vestland skal som hovudsak lyse ut midlar med bedrifter og kommunar som målgruppe, men kan også, jfr. pkt. c i forskrifta om RFF, opne opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar kan stå som prosjektansvarleg søker.
4. Fondsstyret er ansvarleg for at RFF Vestland bidreg til å nå Kunnskapsdepartementet sine føremål med ordninga og at fondet vert retta inn mot dei regionale føringane i fylkeskommunen si bestilling.

I påvente av ny regional planstrategi/utviklingsplan skulle bestillinga gjelde for 2020, eller inntil ny bestilling vert vedteken. Først no når ein Temaplan forskning for Vestland fylke ligg føre er det eit politisk grunnlag for å arbeide fram forslag til ny bestilling til fondsstyret.

Styret si oppfølging av den førre politiske bestillinga

Styret har arbeidd etter den politiske bestillinga i 2020 og i 2021.

Frå 2020 blei det sett opp ei [eiga utlysing](#) for forskings- og utdanningsinstitusjonar. Her kan desse vere prosjektansvarleg søkjer dersom dei har eit faktisk samarbeid med to eller fleire samarbeidspartnarar frå næringsliv og/eller kommunal sektor, der minst ein er lokalisert i Vestland. Eigne utlysingar for bedrifter og kommunar vart vidareført hovudsakleg i tråd med praksis frå RFF Vestlandet.

For utlysingar av støtte til forprosjekt valde fondsstyret både i 2020 og 2021 å lyse ut midlar innan alle dei 5 prioriterte tema i bestillinga. For støtte til hovudprosjekt valde styret å spisse utlysinga til to meir avgrensa tema, nemleg

- Klimaomstilling og grønt skifte
- Samfunnstryggleik og beredskap

Styret har hatt 4 møte i året, berre to av desse har vore fysiske møteplassar. Dette var oppstartsmøtet i februar 2020 med også vara representantar til stades og styremøtet i Sogndal 23. september 2021. På møtet i Sogndal møtte styret fleire sentral aktørar innan forskingsfeltet i nordre del av Vestland fylke. Delar av mobiliserings- og kommunikasjonsarbeidet i fondet har vore vanskeleg grunna pandemien. Sekretariatet har likevel utvikla ei arbeidsform med digitale prosjektverkstadar der deltakinga har vore god. Ein del prosjekt har hatt vanskar med gjennomføringa grunna pandemien. Styret har vedteke å gje romsleg utsetting av rapporteringsfristar der dette har vore naudsynt for å fullføra arbeidet.

2. Føringar for det vidare arbeidet i RFF Vestland

Temaplan forskning for Vestland fylke sett retning for dei neste åra

[Temaplan for forskning i Vestland](#) fylke er forankra i Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 og Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 i Vestland fylke. Temaplanen har slike føremål:

- Temaplan for forskning skal avklare viktige regionale forskingsbehov og korleis forskning kan vidareutviklast som verktøy i regionale innovasjonsprosessar.
- Temaplan for forskning skal vere styrande for Vestland fylkeskommune og den regionale partnerskapen sitt arbeide på dei fag- og temaområde som planen inkluderer.
- Temaplan for forskning skal vere førande for fylkeskommunen sine verkemidlar innan forskingsfeltet som til dømes Regionalt forskingsfond og FORREGION Vestland.

Innan denne ramma er det definert eit prioritert sett med regionale forskingsbehov. Desse skal peike på ny kunnskap vi treng for å bidra til måla i Utviklingsplan for Vestland og Berekraftig verdiskaping Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke og dessutan til å nå FN sine berekraftmål. Slike regionalt prioriterte forskingsbehov må vere forankra i utfordringar som gjeld for Vestland fylke og rette seg mot samfunns mål med berekraftutfordring og omstillingsbehov.

Regionalt prioriterte forskingsbehov skal vere styrande for regionale satsingar og samarbeid innan forskingsfeltet, samt regionale program og regional finansiering av forskingsrelatert arbeid.

Vektlegging av brukarstyrt innovasjonsforskning

Grunnforskinga, som i første rekke skjer ved universitet, høgskular og nokre forskingsinstitutt, legg avgjerande premiss for meir anvendt innovasjonsforskning. Forskingsdriven innovasjon kan også gi resultat eller nye kunnskapsspørsmål som driv grunnforskninga vidare. Tilsvarende er det ofte vesentleg å sjå ulike forskingsområde i samanheng. Forskingsresultat frå meir teknologisk fagfelt må sjåast i samanheng med samfunnsvitskapleg, pedagogisk og psykologisk innsikt om organisasjons- og samfunnsutvikling. Grunnforskning og anna friare forskingsarbeid er berebjeleke i den kunnskapsutviklinga som må ligge til grunn både for all anna forskning, for høgare utdanning

og den generelle kompetansehevinga som må til for å nå dei politiske mål som er sett for utviklinga i Vestland fylke.

Med utgangspunkt i dette har temaplanen som ei føring at arbeidet med å dekke regionalt prioriterte forskingsbehov i stor grad skal handle om å stimulere relevant anvendt og forskingsdriven innovasjon med tydeleg brukarperspektiv.

Særlege utfordringar i Vestland som treng eit forskingsbidrag

Vestland har eit næringsliv med sterk oljeavhengigheit og vesentleg internasjonal marknadstilknytning. Vi har ein maritim tradisjon og mykje kompetanse innan heile feltet av havnæringar - inkludert fiskeri og havbruk. Vi har eit landbruk med mykje små bruk i eit naturmiljø særleg utsett for klimaendringar. Vi har sterke industritradisjonar med høg kompetanse og internasjonal marknadsposisjon, der det er potensial og behov for meir berekraftig omstilling. I

Vestland er det sterke fagmiljø innan t.d. IKT, digitale løysingar og finans som vil kunne gi eit vesentleg bidrag til det grønne skiftet.

Vi har globalt viktige og sårbare naturmiljø både i havet og til fjells, og som i mange tilfelle er særleg sårbare for klimaendringar og forureining. Berekraftig arealforvaltning er derfor ofte krevjande. Det er krevjande utfordringar knytt til offentleg tenesteproduksjon og i utvikling av tenleg infrastruktur. Kompetanseutfordringar og behov for eit meir inkluderande samfunn er samfunnsutfordringar med brei politisk merksemd.

Behovet for forskning og ny kunnskap rettar seg gjerne mot konkrete problemstillingar som ofte er barrierar i utvikling av verdikjeder. [Vestlandscenariao](#) definerer eit sett framtidretta verdikjede og mange forretningsområde med regionale forskingsbehov. Arbeidet med [Grøn region Vestland](#) og den utarbeidde [Vestlandsporteføljen 2021](#) følgjer dette opp og syner at ny kunnskap må verte utvikla for å lukkast innan nye utfordringar og marknader som vil kome. Aktørane innan viktige verdikjede og forretningsområde knytt til industri, landbruk, havbruk, infrastruktur med fleire må finne innovative løysingar med marknadspotensial og det må leggjast til rette for at FoU sektoren kan til dette.

3. Prioritering av innsatsen i RFF Vestland

3.1 Viktige regionale forskingsbehov

Regionale forskingsbehov handlar om å peike på problemstillingar og temaområde der ein treng ny kunnskap som kan redusere barrierar i verdikjeder og bidra til innovative løysingar i sentrale forretningsområde. Det handlar også om behovet for ny forskingsbasert kunnskap for å møte vestnorske samfunnsutfordringar innan både privat og offentleg sektor. Desse vil prege rammeføresetnadene for ei berekraftig og klimanøytral utvikling for heile Vestlands-samfunnet.

Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 – 2027 peiker på følgjande delmål og tema der det er særlege regionale forskingsbehov:

Meir forskning som bidrar til lønsame arbeidsplassar, grønt skifte, berekraftige produksjonsprosessar og ny klimavenleg eksportretta industriutvikling.

- A) Berekraftig og eksportretta industriutvikling samt havøkonomi
- B) Sirkulær økonomi – berekraftig ressursforvaltning
- C) Bioøkonomi «blå» og «grøn» - produksjon av mat og berekraftig bruk av biologiske ressursar
- D) Grøn» gjenoppbygging av reiselivet etter pandemien

Ein offentleg sektor som saman med forskingsorganisasjonar utviklar og tek i bruk ny relevant kunnskap som kan styrke innovasjonskraft og tenestetilbodet

- E) Innovasjon i offentleg sektor – med vekt på kommunar og fylkeskommunar
- F) Klimatilpassing – generell samfunnsstryggleik og beredskap

Meir forskning knytt til samfunnsutfordringar som særleg pregar Vestland

- G) Klimautfordringa og det grønne skiftet
- H) Økologi – miljø og eit levande hav
- I) Stadutvikling og arbeidsplassar i heile Vestland

Til kvart delmål og tema viser temaplanen til ei rekke aktuelle kunnskapsutfordringar der det vil vere behov for forskning for å bidra til innovasjon og regional utvikling. Desse utfordringane er ikkje uttømmende, men gir eit viktig rammeverk for retninga i den regionale forskingspolitikken.

3.2 RFF Vestland skal bidra til å dekke forskingsbehova frå temaplanen

RFF Vestland skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor ramma av dei forskningstema og problemstillingar som er nedfelt i Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 – 2027.

Styret skal kunne gjere eit prioritert utval av tema og problemstillingar frå temaplanen i utarbeiding av årlege handlingsplanar og utlysingar. Utvalet av tema og problemstillingar skal gjerast i samsvar med prioriteringar i den øvrige verkemiddelbruken i Vestland fylkeskommune og den regionale partnerskapen for å realisere måla i Regional plan for berekraftig verdiskaping.

RFF Vestland skal også legge vekt på å samordne aktivitetar med nasjonale og internasjonale forskingsprogram og -aktivitetar.

3.3 Finansierte brukarstyrt forskning med innovasjonspotensiale

RFF Vestlandet skal arbeide for at forskingsfondet finansierer og gir ny kunnskap med potensiale for innovasjon i bedrifter og i offentleg sektor. For å oppnå dette best skal fondet halde fram sitt hovudfokus på brukarstyrt forskning.

RFF Vestland skal som hovudsak lyse ut midlar med bedrifter og kommunar som målgruppe, men kan også, jfr pkt c i forskrifta om RFF, opne opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar kan stå som prosjektansvarleg søker.

Det vert føresett at fondsstyret er merksam på balansen mellom innovasjon i offentlege sektor og i næringslivet.

4. Mobilisere til forskning og ansvaret for FORREGION Vestland

Frå 2022 får Vestland fylkeskommune tildelt midlar frå Kommunal- og mobiliseringsdepartementet (KMD) til gjennomføring av FORREGION. Dette er ei ordning i kvart fylke som arbeider med mobilisering til meir forskning i bedrifter. Verkemidlane er kompetansemekling (kople bedrifter med relevante forskarar), nettverksmøte og forprosjekt.

Stortinget har vedteke at FORREGION arbeidet skal verte utvikla i samanheng med ordninga for regionale forskingsfond. Ei forskrift er på høyring i desember 2021 og januar 2022. Denne reiser ikkje krav om bestemt samarbeide mellom dei to ordningane, men legg mange praktiske føringar som knyter ordningane saman. Mellom desse er krav til publisering frå FORREGION på RFF sine heimesider, felles søknadsportal og rapporteringssystem i samarbeid Forskingsrådet.

Vestland fylkeskommune får i 2022 tildelt kr. 6 millionar til gjennomføring av [FORREGION Vestland](#). Vestland fylkeskommune har etablert eit prosjektkonsortium med Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning, og har inngått ein avtale om noko eigeninnsats frå partane i tillegg til den statlege overføringa. Budsjettet for 2021 har vore kr. 7, 8 millionar.

Avtalen om FORREGION Vestland mellom Vestlandsforskning, HVL og fylkeskommunen gjeld frå 2021 til og med 2023, og er utforma under føresetnad av statleg finansiering i heile perioden. Han gir føringar for kva aktivitet partane skal ha ansvar for, men legg ikkje tematiske føringar ut over å

arbeide for å involvere heile Vestland fylke i satsinga. Det er aktuelt å revidere deler av denne avtalen både som ei følgje av forskrifta for FORREGION-arbeidet, men også for å sikre samsvar med føringane i Temaplan forskning. Ei slik revidering skal ikkje endre føringane for dei økonomiske rammene som er gitt for samarbeidet.

Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 – 2027 legg tilsvarande føring for FORREGION Vestland som for RFF Vestland. FORREGION Vestland arbeider med å mobilisere bedrifter til mellom anna regionale forskingsfond. Det er vidare ein ambisjon i temaplanen å få realisert ei eiga satsing på mobilisering til forskning i kommunal sektor – eit «FORREGION Vestland kommune». Det er så langt ikkje rom for å nytte midlane frå KMD til ei slik satsing, då desse berre er retta mot næringsliv.

Det regionale arbeidet med mobilisering til forskning og finansiering av forskning må vere godt koordinert.

I saka vert det fremja forslag om at styret for RFF Vestland også skal få i oppgåve å vere styringsorgan for arbeidet med FORREGION Vestland.

Ansvar vil innebere tematisk prioritering av arbeidet i FORREGION Vestland under same ramme som for RFF Vestland., men med særskild merksemd mot forskings- og innovasjonsbehov i Vestlandsporføljen, jf, pkt. A-D under pkt 3.1 over.

Styret vil vidare få ansvar for å sjå til at samarbeidsavtalen om gjennomføringa av FORREGION Vestland gjev dei nødvendige resultatata for å nå måla i Temaplan forskning.

Sekretariatet for RFF Vestland vil få eit utvida ansvar for å ivareta det administrative arbeidet knytt til FORREGION Vestland.

FORREGION Vestland har fleire midlar som kan søkjast frå bedrifter inn til ordninga. Styret for RFF Vestland vil få eit særleg ansvar for å koordinere forholdet mellom søkemidlar i RFF Vestland og i FORREGION Vestland. Mellom anna bør fondsstyret vurdere om delar av søkemidlane i FOREGION bør vere del av RFF Vestland si utlysing, eller om FORREGION Vestland bør få tilført midlar frå RFF Vestland for å styrke mobiliseringa av forskning i bedrifter som har liten eller ingen erfaring med forskning frå før.

Styret for RFF Vestland skal kunne vurdere om RFF-midlar kan rettast mot ei forsterka mobilisering til forskning retta mot innovasjon i kommunal sektor, og slik realisere oppstart av eit FORREGION Vestland kommune under lik forvaltning som FORREGION satsinga elles.

4.3 Forholdet til andre finansieringsordningar for forskning

RFF Vestland skal ha spesiell merksemd på å bidra til mobilisering av bedrifter og kommunar til deltaking i Horisont Europa. Fondet må til ei kvar tid vurdere sine utlysingar i høve til Noreg forskingsråd sine satsingar og utlysingar, slik at fondet står fram mest mogeleg komplementært til desse

5. Styret i Regionalt forskingsfond Vestland

Styret er ansvarlege for at forvaltninga av RFF Vestland og FORREGION Vestland er i tråd med Forskrift om regionale forskningsfond og forskrift om FORREGION.

Styret skal legge til rette for samarbeid med Noregs forskingsråd, og bidra til å sikre kvalitet i alle ledd frå utlysing til vedtak om støtte til forskingsprosjekt.

Styret skal også vere styringsgruppe for FORREGION Vestland med ansvar for forvaltning av midlar og mobilisering til meir forskning i bedriftene.

Styret skal ha eit eige sekretariat med ansvar for saksframlegg til styret og oppfølging av styret sine vedtak. Sekretariatet har ansvar for kontakten med aktive prosjekt, oppgåver knytt til rettleiing, rapportering og tilskotsutbetaling. Sekretariatet arbeider også med prosjektverkstader for nye søkjarar, formidling av informasjon, vurdering av større søknader i samarbeide med Forskingsrådet. Sekretariatet leier arbeidet i FORREGION Vestland og bruken av dei sentrale verkemidla a) kompetansemekling, b) Forprosjekt FORREGION c) Forskar til låns d) Hospitering/mobilitet og e) FoU-møte (nettverksmøte).

Styret skal sørge for at det blir utarbeidd ein overordna handlingsplan (minimum to års varigheit) som blir rullert årleg, i tråd med bestillingsbrevet frå fylkeskommunen. Handlingsplanen skal prioritere bruken av midlane med omsyn til tematikk, målgrupper og søknadstypar i utlysingane av midlar, samt annan aktivitet.

Styret skal vurdere den regionale relevansen i samband med prioritering av søknader og mobiliseringsaktivitetar.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, slik fylkestinget har bestemt i delegasjonsreglementet.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ordninga med regionale forskingsfond og ordninga med FORREGION er finansiert med øymerka overføring frå Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Av desse kan ein nytte midlar til administrasjon av fondet.

Klima:

RFF Vestland og FORREGION Vestland støttar forskingsprosjekt med sikte på ei meir berekraftig utvikling av privat og offentleg sektor. Saksframlegget legg opp til ei vidareføring av dette.

Folkehelse:

Regionale forskingsfond har over fleire år støtta forskingsprosjekt innan dei kommunale og fylkeskommunale ansvarsområda, mellom annan innan folkehelse. Saksframlegget legg opp til ei vidareføring av dette

Regional planstrategi: Den politiske bestillinga og handlingsplanen for Regionalt forskingsfond Vestland skal vere forankra i regional planstrategi.

Konklusjon

Hovudutvalet ber styret for Regionalt forskingsfond Vestland arbeide etter dei regionale føringane som framgår av saksførelegget, med utgangspunkt i Temaplan forskning 2022 – 2027.